



Arkivsaknr: 2024/9214-6
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornying av alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i tidsrommet 01.10.24 - til 30.09.28 - Meland golfklubb

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Meland golfklubb org. nr 976721179 får innvilga alminnelig skjenkeløyve inne og utandørs for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 ved Meland golfklubb, Beitingsvegen 50, 5918 Frekhaug.
2. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 09 – 21.00 mandag – torsdag. Fredag og lørdag frå kl 09.00 – 24.00. Søndag frå kl 12.00 – 21.00
3. Styrrar for skjenkeløyvet er Kai – Olav Kvamme f. 29.12.75 og avløyssar er Roy Alkholt f. 24.09.68
4. Løyvet vert gjeve for løyveperioden frå 01.10.24 – 30.09.28

Løyvehavar pliktar å senda til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 1. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvens for dei vilkår som er sett i løyvet.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jfr. Forvaltningsloven §29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i perioden 2024 – 2028.

Bakgrunn

Meland golf org. nr 976721179 har i søknad datert 20.08.24 søkt om fornying av skjenkeløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28. Driftskonseptet er kafe/selskapslokale. Skjenkeareal inne er 150 kvm og utandørs 30 kvm. Kai – Olav Kvamme er styrar for skjenkeløyvet og Roy Alkholt er avløysar. Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl. 09 – 21.00 mandag – torsdag. Fredag og lørdag frå kl 09.00 – 24.00. Søndag frå kl 12.00 – 21.00

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tilttrer (Alkoholova §1- 6). Meland golf søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1- 7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.